

## Protokoll frå styremøte 10. desember 2020

<b>Til stades:</b>	Erik Ulfsby, Lodve Solholm, Eli Bjørhusdal, Terje Lohndal og Torunn Reksten
<b>Frå sekretariatet:</b>	Åse Wetås (direktør), Jo Inge Fisketjøn (stabssjef, S 61/20 og S 63/20), Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar) og Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, S 66/20)
<b>Møtestad:</b>	Digitalt møterom ( <a href="https://whereby.com/sprakradet-1">https://whereby.com/sprakradet-1</a> )
<b>Møtetid:</b>	9:00–13:00
<b>Møteleiar:</b>	Ulfsby
<b>Referent:</b>	Kaldhussæter

### **Møte med fagrådsleiarane:** 9:00–10:00

Styret møtte dei fire fagrådsleiarane i ein time før det ordinære styremøtet. Dei sitjande fagrådsleiarane er Randi Solheim (fagrådet for skule og offentleg forvaltning), Gisle Andersen (fagrådet for normering og språkobservasjon) og Botolv Helleland (fagrådet for stadnamn). Nestleiar Håvar Hjulstad møtte for fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning.

### Agenda for møtet:

- Vurdering av korleis fagrådsaktiviteten fungerer: Er det dei rette sakene som kjem til fagrådet, og er «bestillingane» frå Språkrådet klare nok?
- Fagråda skal vere ekstern fagekspertise som gjev Språkrådet gode faglege innspel, og dei skal òg hjelpe Språkrådet å stake ut ein kurs for arbeidet som gjer verksemda relevant. Korleis fungerer dette?
- Korleis er balansen mellom saker fagråda får frå organisasjonen og eigeninitierte saker? Er det ønske om endringar i saksbehandlinga?
- Korleis bruker fagråda Språkrådets strategiar og styringsdokument i arbeidet? Synspunkt på om involveringa av fagråda skjer til rett tid og på rett nivå.

## Konstituering

S 53/20 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 54/20 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 8. oktober 2020

## Informasjonssaker

S 55/20 Orienteringssaker v/ direktøren (ingen sakspapir)

S 56/20 Høyringar (utgår – ingen høyringar)

S 57/20 Mediesaker

S 58/20 Frå fagråda

S 59/20 Språkdagen 2020 – evaluering

S 60/20 Språkstatus 2021

S 61/20 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. oktober 2020 – inkl. prosjektoversikt

## Vedtakssaker

S 62/20 Normeringssaker (utgår)

S 63/20 Førebels budsjett for 2021

S 64/20 Førebels verksemdsplan for 2021

S 65/20 Styrets møteplan for 2021

S 66/20 Reviderte retningslinjer for normering

S 67/20 Oppnemningar medlemmar til fagråd

S 68/20 Vedtaksfesting av fagrådet for stadnamn

## Drøftingssaker

S 69/20 Strategisk plan

S 70/20 Drift 2021 mht. covid-19 – tre scenario

S 71/20 Evaluering av styrearbeidet i 2020

S 72/20 Plan for todagarsmøtet i 2021

S 73/20 Statsbudsjettet 2022 – plan for prioriteringar

S 74/20 Arbeid med årsrapport 2020

S 75/20 Eventuelt

## Konstituering

### **S 53/20 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 10. desember 2020

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

### **S 54/20 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 8. oktober 2020**

**Sakspapir:** Framlegg til protokoll

**Vedtak:** Protokollen frå styremøtet 8. oktober 2020 er godkjend.

## Informasjonssaker

### **S 55/20 Direktørens orientering**

**Sakspapir:** Ingen

Direktøren orienterte mellom anna om endringar i organisasjonen, sjukefråvær, kåringa av årets ord 2020, nylanseringa av klarspråk.no og planen for klarspråkprisutdeling i 2021. Styreleiaren orienterte frå etatsstyringsmøtet.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 56/20 Høringar – utgår (ingen høyrings svar)**

### **S 57/20 Mediesaker**

**Sakspapir:** Notat frå kommunikasjonsseksjonen og og medierapport frå Retriver

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 58/20 Frå fagråda**

**Sakspapir:** 1. Referat frå møte i fagrådet for normering og språkobservasjon 23.9.2020

2. Referat frå møte i fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning 25.9.2020

3. Referat frå møte i fagrådet for stadnamn 8.9.2020

## 4. Referat frå møte i fagrådet for stadnamn 27.10.2020

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 59/20 Språkdagen 2020 – evaluering**

**Sakspapir:** Notat frå seksjonssjef Margrethe Kvarenes, seniorrådgjevar Erlend Lønnum og kommunikasjonssjef Anette Hjerde

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 60/20 Språkstatus 2021**

**Sakspapir:** Notat frå seniorrådgjevar Lars Ivar Nordal

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

### **S 61/20 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. oktober 2020 – inkl. prosjektoversikt**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren, rekneskapsrapport per 31. oktober 2020 og prosjektoversikt

**Vedtak:** Styret tek rekneskapsrapporten per 31.10.20 til orientering.

## Vedtaksaker

### **S 62/20 Normeringssaker – utgår**

### **S 63/20 Førebels budsjett for 2021**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren, førebels tildelingsbrev og budsjettframlegg i tal

**Vedtak:** Styret bed direktøren leggje fram eit forslag til endeleg budsjett for 2021 til styremøtet i februar 2021.

**S 64/20 Førebels verksemdsplan for 2021**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren og tildelingsbrevet for 2021

**Vedtak:** Styret bed administrasjonen leggje fram eit utkast til endeleg verksemdsplan for 2021 med utgangspunkt i føringane som kom i møtet.

**S 65/20 Styrets møteplan for 2021**

**Sakspapir:** Notat frå styresekretær Åsa Kaldhussæter

**Vedtak:** Styresekretæren sender møteplanen for 2021 på høyring blant styremedlemmene i etterkant av møtet.

**S 66/20 Reviderte retningsliner for normering**

**Sakspapir:** Reviderte retningsliner for normering

**Vedtak:** Styret vedtek dei reviderte retningslinene for normering. Dei blir sende på allmenn høyring etter at språklova er vedteken.

**S 67/20 Oppnemningar medlemmar til fagråd**

**Sakspapir:** Notat frå leiargruppa i Språkrådet

**Vedtak:** Styret bed direktøren om å oppnemne dei fagrådsmedlemmane seksjonane har tilrådd.

**S 68/20 Vedtaksfesting av fagrådet for stadnamn**

**Sakspapir:** Notat frå seksjonssjef Daniel Gusfre Ims

**Vedtak:** Styret bed direktøren sende Kulturdepartementet framlegget om vedtektsfesting av oppgåvene til fagrådet for stadnamn med dei endringane som kom fram i møtet.

## Drøftingssaker

**S 69/20 Strategisk plan**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren og lenkje til strategisk plan  
(<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Strategi-for-Sprakradet/>)

**Vedtak:** Språkrådets strategiske plan for perioden blir vidareført med dei endringane styret ønskjer.

## **S 70/20 Drift 2021 mht. covid-19 – tre scenario**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren

**Vedtak:** Styret bed direktøren planlegge drifta i 2021 ut frå scenario nummer 2.

## **S 71/20 Evaluering av styrearbeidet i 2020**

**Sakspapir:** Ingen sakspapir

**Vedtak:** Styret evaluerte styrearbeidet i 2020.

## **S 72/20 Plan for todagarsmøtet i 2021**

**Sakspapir:** Notat frå seksjonssjef Margrethe Kvarenes

**Vedtak:** Styret bed direktøren planlegge vidare i tråd med diskusjonen i møtet.

## **S 73/20 Statsbudsjettet 2022 – plan for prioriteringar**

**Sakspapir:** Notat frå leiargruppa i Språkrådet

**Vedtak:** Styret bed direktøren utarbeida eit endeleg utkast til budsjettsøknad for 2022 med utgangspunkt i dei signala styret la fram i møtet.

## **S 74/20 Arbeid med årsrapport 2020**

**Sakspapir:** Notat frå kommunikasjonssjef Anette Hjerde og stabssjef Jo Inge Fisketjøn

**Vedtak:** Styret bed direktøren om å levere endeleg utkast til tekst og rekneskap til årsrapporten til styremøtet i februar 2020.

## **S 75/20 Eventuelt**

I tillegg til dei ordinære styresakene drøfta styret direktørens åremål og dialog med Kulturdepartementet om dette. Administrasjonen deltok ikkje i møtet under denne saka.

## Godkjenning

Protokoll frå møtet 10. desember 2020 er godkjend 24. februar 2021

Erik Ulfsby

Torunn Reksten

Lodve Solholm

Eli Bjørhusdal

Terje Lohndal